



«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 17.10.2014  
Vår ref.: 2014/11640-19  
Saksbehandlar: tortitt  
Dykkar ref.: «REF»

## Kystpilegrimsleia. Oppnemning av kommunale kontaktar

Fylkeskommunane på Vestlandet og i Sør-Trøndelag har saman med bispedømekontora i dei same områda skipa prosjektet *Kystpilegrimsleia*. Dette er eit av tiltaka i det nasjonale programmet for kulturminnevern og verdiskaping, skal styrkje nettverket av aktørar, og utvikle opplevingar for moderne pilegrimar langs sjøvegen til Nidaros. Prosjektet vert finansiert av fylkeskommunane og Riksantikvaren. Kyrkja sine organisasjonar bidreg med kompetanse og arbeidskraft. Hovudprosjektet starta opp i mai 2014. Prosjektleiari er Anette Helsaa Christiansen, tilsett i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Det er gjennomført fleire prosjektaktivitetar: I juli 2014 vart det arrangert seglas frå Stavanger til Trondheim med det gamle hurtigruteskipet MS Nordstjernen, med stopp på stader som på ulike vis er knytte til pilegrimstemaet. Prosjektgruppa i *Kystpilegrimsleia*, med deltakarar frå fylkeskommunane, bispedøma og Riksantikvaren, hadde første møte 9-10. oktober på Utstein Pilegrimsgard i Rogaland. Hovudmålet for møtet var etablering av ein effektiv og tydeleg struktur i prosjektet og å starte opp det praktiske arbeidet.

Det vert lagt vekt på at *Kystpilegrimsleia* skal ha sterk lokal og regional forankring. Breitt engasjement kan berre utviklast gjennom god kontakt med kommunar, organisasjonsliv og friviljuge. Kommunane kan i særleg grad sikre at attraksjonar, anten kultur- og naturhistoriske verdiar eller overnattings- og serveringsstader langs leia frå Sokndal i sør til Trondheim i nord vert tekne omsyn til i prosjektet. Dei fleste av kommunane har utarbeidd eller skal starte opp utbeiding av eigne kulturminneplanar, og desse kan gje høve til prioritering av attraksjonar. Det kan også vere gode tilretteleggingsprosjekt i regi av kommunane, kyrkja eller Friluftsråda ein ønskjer å peike på. Her har kommunane det beste oversynet.

Hordaland fylkeskommune vonar at kommunane ynskjer å bidra og bed om at kvar kommune nemner opp kontaktpersonar i prosjektet. Desse vert bindeledd til lokalsamfunna og skal sikre at kommunane har ei tydeleg rolle i utviklinga av *Kystpilegrimsleia* som oppleving og reisemål. Det er opp til kvar kommune kven ein vel, men slik me ser det kan det vere tenleg med personar knytt både til nærings- og kulturfeltet.

Vi bed om ei tilbakemelding innan 1. november på kven kommunen ønskjer som kontaktperson/-ar.

Namn og kontaktinformasjon kan også sendast til [tor.andreas.titlestad@hfk.no](mailto:tor.andreas.titlestad@hfk.no)

Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator

Tor Andreas Titlestad  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*